



Biletutsnitt

Margun Eik og Anbjørn Høvik har søkt kommunen om løyve til å bygga vel 400 meter traktorveg i Kjerlandslia. Det er tale om ein stikkveg frå eksisterande Søre Kjerland skogsveg med ei samla lengd på 480 meter. 400 meter er nyanlegg.

Vegen vil ta til ca. 430 meter over havet og vert avslutta 520 meter over havet.

Den er planlagt som traktorveg klasse 7 med ei breidd på 3,5 meter, det vil seie omlag same type veg som den eksisterande skogsvegen.

Vegen skal nyttast i landbruksdrifta på eigedommen. I luffotoet over er eksisterande traktorveg vist med svart strek og planlagt veg med raud strek. Dekkingsområdet er vist med blå strek.

Det er ikkje registrerte miljøverdiar eller kulturminne i området.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen